



KYSTVERKET

Vest

*Mottakarar i medhald av adresselista*

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
2016/6187-1

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Lene Røkke Mathisen

Dato:  
28.11.2016

## **Innhenting av informasjon om skjelanlegg i kommunane - Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland fylke**

Me syner til vårt pågåande oppdrag med å fjerne eigarlaus blåskjelanlegg i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Kystverket Vest vart tildelt midlar i 2016 for å fjerne eigarlaus blåskjelanlegg i vår region. I samarbeid med Fiskeridirektoratet har me skaffa til vegs ei oversikt over dei anlegga der eigaren er gått konkurs og konsesjonen på lokaliteten er inndratt. Utifrå denne lista har me satt i gong oppryddingsarbeidet, med særleg fokus på dei anlegga som utgjør størst risiko i forhold til passasjertrafikk og annan trafikk i hovud- og bilei.

Etter at oppryddingsarbeidet kom i gong i haust har me blitt kontakta av både privatpersonar og kommunar med spørsmål om fjerning av anlegg som ikkje ligg i den opprinnelege oversikta.

Me har vore i kontakt med Fiskeridirektoratet for å prøve å få ei betre oversikt over eigarlaus blåskjelanlegg. Men ettersom mange av anlegga alt kan vere fjerna eller flytta, kan det vere vanskeleg for fiskeridirektoratet å gi ei fullstendig oversikt.

Me ber difor dykk i kommunen om å kome med innspel til oss i Kystverket om anlegg som befinn seg innanfor den enkelte kommune og som de ønskjer å få fjerna. Me vil så langt det er mogeleg imøtekome kommunane sine innspel og ynskjer.

Me ynskjer informasjon om følgjande på anlegga:

- Plassering (WGS 84, grader og minutt)
- Foto av nyare dato (helst siste året) som kan seie noko om tilstanden på anlegget
- Eigarforhold, om dette er kjent

Grunna tidsramma på dette prosjektet må me be om ei tilbakemelding innan 23.12.2016.

Med helsing

Lene Røkke Mathisen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, saksrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet Postboks 185 Sentrum 5804 BERGEN

Vedlegg 1 Oversikt over anlegg i region vest

Likelydende brev sendt til:

Selje kommune		6740	SELJE
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Fjaler kommune	Postboks 54	6361	Dale
Solund kommune		6924	HARDBAKKE
Vik kommune		6891	VIK I SOGN
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Kommunehuset	5981	MASFJORDEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 41	5914	ISDALSTØ
Radøy kommune	Krossvegen 8	5936	MANGER
Osterøy kommune		5282	LONEVÅG
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgt. 16	5722	DALEKVAM
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Jondal kommune		5627	JONDAL
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Vindafjord kommune		5580	ØLEN
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	AKSDAL
Hjelmeland kommune		4130	HJELMELAND
Strand kommune	Postboks 115	4126	JØRPELAND
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	SANDNES
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	ÅLGÅRD
Suldal kommune	Eidsveien 7	4230	SAND
Finnøy kommune		4160	FINNØY